

23.02.2015

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorst
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Vassbrekka Kraft AS og nr. 991 918 787 – Søknad om løyve til bygging av Vassbrekka kraftverk i Førde kommune.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 19.11.2014 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har fått tilsendt i papirformat frå søkjar. Fråsegna vår er mellom anna basert på søknaden, samtaler med lokalkjende og eigen kunnskap om, og bruk av området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Vassbrekka kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

Om friluftsliv i området:

Omsøkte kraftverk ligg i eit lokalt viktig friluftsområde ved inngangen til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. (Sjå fylkesatlas S+Fj) Turløyper frå parkeringsplassen, ved Aksla førar til Sandfjellet og forbi Brekkestølen til Longevasshytta. Indre Sunnfjord Turlag har fleire gode tur anbefalinger i området, ein synar til nettsida.

Førde er næraste tettstad og Angedalen er lett tilgjengeleg for dei som bur i regionsenteret Førde. Indre Sunnfjord Turlag er eit av turlaga i fylket som er svært aktiv.

I kraftpakka for Førde, Naustdal, Fjaler og Askvoll ligg det no føre 12 søknader om utbyggjing av elvekraftverk.

Turlaget er nøgd med at NVE vurderer samla verknad for dei omsøkte konsesjonane!

IST har eit godtsamarbeide med grunneigarane i regionen og grunneigarane i Angedalen er i ikkje unntak!

Diverre meiner me at for naturopplevinga, for dei som går tur i området, ved innfallsporten til landskapsvernområdet, vil nok ein utbyggjing vere negativ. To inntak forsterkar dette, der to separate betongtersklar på 30x4 og 15x4 meter vil verte dominerande i terrenget, men mest sett ovanifrå på veg ned frå fjellområda.

Positivt er at konsesjonssøklar planlegg slukeevne på 150% av middelvassføringa. Dette sikrar noko fleire dagar med større vassføring i elvene.

Naturvernutvalet ved Sogn og Fjordane Turlag har og innvendingar der det gjeld elva si eige verdi som økosystem. Det faktumet at elva etter samløp med Stoelva er delt opp i eit mylder av småløp er spesielt og konsekvensane ved ei eventuell utbyggjing er ikkje godt nok utgreitt i Bioreg sin rapport om biologisk mangfald. Dette meiner me med all respekt. Dette kjem ein attende til.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Ei slukevne på 150% er ei nesten gamaldags vassutnytting og konsesjonssøklar har herved sjølv vektlagt betydningen av vassføringa i Stoelva og i Anga. Tala for alminneleg lågvassføring er 110 l/s, 5-persentil sommar 906 l/s og 5-persentil vinter 110 l/s.



2.2. Teknisk plan for det søkte alternativet: Røyrkata er tenkt nedgravd i heile strekningen som ein forstår søknaden. Røyrkata skal veksa til att med stadeigne vekstar. Men som regel avgrensa av driftsansvarleg til buskvekstar. Ein ynskjer ikkje trevekstar over røyrkata. Røyrkata vart difor eit markant skilje i vegetasjonen den tid anlegget er i drift.

2.3. ..2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket: Det er for utbyggjarane sjølv sagt at ein forventer ei inntekt ved utbygging. Likevel er her scenarier som kan endre forventningane, Låg straumpris vil truleg påverke ei evt utbygging. Endra skatteregime kan og i sterk grad vere med på å redusere nettoinntekta til eigarane. Innmatingsstariff har og vore med på i andre saker å endre inntjeninga vesentleg. Ein må og vurdere utbygginga i forhold til nærleiken til landskapsvernområde og alternative framtidig inntekt i tilknytning til dette. Ein tenkjer da at området har større turinteresser utan utbygging. Med perspektiv ”all framtid” .

2.6. Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar.

Fylkesatlas har området registrert som lokalt viktig friluftsområde.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.2 og 3.5 Isforhold og lokalklima, fisk og ferskvassbiologi.

Her er gjort klårt at temperaturen i restvatnet i elva vil auke, men temperaturen av vatnet som slepp ut av turbinen vil nok vere lågare no enn før utbygging. Det er dette vatnet som ikkje har straua fritt gjennom det særskilte elvesystemet spesielt mellom samløpet Stoelva – Anga og Øyastølane. Det er viktig for bunndyrfauna at stein beveger seg i elva for å sikre dynamikk, slikt skjer ved flom. Det er truleg ein viktig del av elva som no vert redusert med tanke på vassføring, temperatur oksygen og bunndyrproduksjon. Att restvatnet og minstevassføring i og for seg får høgare temperatur betyr lite når 3750 l/s går forbi dette området. Betydningen av dette for fisk nedom kraftverket er ikkje vurdert. Elva lenger nede er lakseførande. Biologisk mangfald er viktig men også elva si produksjonsevne der det gjeld næringsdyrproduksjon. Altså: mengden og mangfald er vesentleg.

Ein oppfatter Bioreg sin rapport kring dette som mangelfullt.

3.6 og 3.7 Flora og fauna og landskap

Det er ikkje enkelt å forestille seg korleis elvane vert sjåandes ut etter samløp Stoelva og Anga og med minstevannføring som omsøkte på 110 – 150 l/sek. + restvatn. Anga deler seg i fleire løp av ulik storleik. Kva betyr minstevannføring her og kva kan ein forvente av gjengroing her. For Anga har denne delinga med sikkerheit ein viktig effekt på vanntemperaturen, som nemnt før, der elva delar seg og kan verte varma opp gjennom sin ferd ned mot anadrom strekning. I området mellom samløpet Stoelva og Øyastølen er eit kompleks elvevirvar som vert påverka. Effekten av minstevassføringa her er nok dramatisk! Det er svært sjelden at ei elv forgreiner seg slik som her. Gjengroing, vil mest truleg raskt få enkelte av dei elveløp der minstevassføringa ikkje rekk til, finne stad. Landskapet vil verte tydelegare skogkledd, i dei tørraste elveløpa.

Det vil og vere, som konsekvens av minstevassføring mindre vatn som er synleg i elveleia, avhengig av botnstrukturen i den enkelte strekningen av elva.

I kapittelet om landskap vil søkjar ha området som vert brukt til røyrkata ”tilbakeført til naturleg tilstand” . Underteikna vil nok tolke dette som at kun buskvegetasjon får etablere seg. Trevegetasjon er ikkje ynskjeleg. Ein vil såleis og i framtida godt kunne sjå røyrkatetraseen.



3.8 Kulturminner: Redusert vannføring vil kunne bidra til dårlegare vannkvalitet i stølsområdet, ved tradisjonell drift. Det er mindre vatn tilgjengeleg for å ta imot naturleg ureining grunna husdyrhald. Vannressursen ved støylane vil verte sterkare ureina.

3.11 Brukarinteresser:

Ferdsel og friluftsliv:

Området er som tidlegare nemnt mykje brukt til turgåing. Konsesjonssøklar vurderer dette rett. For mange er det svært populært å gå ein rundtur: Start frå parkeringsplassen litt forbi Aksla, inn vegen til Botnavatnet, så over brua over elva ved utløpet frå Botnavatnet, eit kort stykke på sti til ein kjem over til vegen på nordvestsida av elva, ned denne vegen, over brua eit stykke nedanfor kraftstasjonen, og opp att til parkeringsplassen. Dette er ein rundtur på ca 7km.

Dei allereie nemnte turane til Sandfjellet og Longevasshytta startar også i dette område. Sandfjellet er eit populært turmål både til fots og på ski.

Ein legg ved utsnitt frå Fylkesatlas, sommarstid synar vegane og nokre av turstiane i området.

Det er klart flest turgåere – av alle kategoriar, som går på vegen på søraustsida og innover til Botnavatnet. Dette er ein lett og lett tilgjengeleg tur. Mellom anna går det ganske ofte folk med barnevogn der. Så dette er ein tur for alle! Og mange går der! Elvene er eit viktig element i dette turområde.

Botnavatnet er eit populært fiskevatn, men visstnok med etterkvart for liten fisk. Særleg for born er likevel fisket populært. Det har vorte gjennomført kalking av vatnet, noko som har auka kvaliteten på fisken.

Ved Vassbrekka er det område som er gode for bærplukking. Det er også område ikkje så veldig langt frå Botnavatnet som er fine for molteplukking.

Landskapsvernområde ligg nær inntil inntaka til omsøkte kraftverk. For økosystemet ville eit urørt elveleie vere det ypperste for å få heilheit i vernetanken. Elvestrengen frå fjell til fjord burde ha ein eige status, når det mest sårbare av økosystemet i landskapsvernområde ligg høgt til fjells kan elva for kjente- og mest for ukjente organismar vere viktig bindeledd. Ein må vere så audmjuk at me kan innrømme i 2015 at me ikkje har kjennskap til alt liv i dette økosystemet. Kanskje føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova bør vege tyngre nær landskapsvernområde?

Ein kan for det visuelle inntrykket, som konsesjonssøklar skriver, ha forventningar til den føreslåtte minstevassføring + restvatnet av det 7 kvadratkilometer store restfeltet. Naturvernutvalet meiner likevel at elva si eige verdi som urørt og ved innfallsporten til landskapsvernområde er samfunnsmessig viktigare i eit lengre perspektiv enn den energien ein utbygging skulle kunne bidra med.

3.19 Samla belastning:

Den rørlagde strekningen i konsesjonssøknaden er tilsaman 2800 m.

I tillegg til dette prosjektet er det søkt om elvekraftprosjekt mellom kote 79 og 23 ein strekning på 1100 m, Anga kraftverk.

I ”Sunnfjordpakken” er desse to søknadene viktige å sjå i samanheng. Dei er tenkt å bruke vatnet frå samme elva. Likevel er det og ein større samanheng. I ein samla plan for naturverdiane i område der landskapsvernområdet, laksefiske i Jølstra der Anga bidrar med sin vannressurs, turopplevinga for innbyggjarane i Førde, kunne desse element i hop utviklast til ein større verdi enn det krafta av Vassbrekka og Anga kraftverk i saman kunne representere.

Men det er ingen samla plan....endå

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Naturvernutvalet i Sogn og Fjordane Turlag vil tilrå at Vassbrekka kraftverk ikkje får konsesjon.



Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 97674654, E-post: rono@online.no

Venleg helsing

for SOGN OG FJORDANE TURLAG

Naturvernutvalet

Ron Overdevest (sign.)

